

Frekhaug 29. mai 1984



Nordhordland folkehøgskule
5110 FREKHAUG

SAK NR. 12568400034 OMD
SØKNAD OM OMDISPONERING AV 250 m² SKOGSMARK TIL VEGFØREMÅL
FRÅ GNR. 23, BNR. 1 FREKHAUG I MELAND.

Vi viser til søknaden Dykkar dagsett 19. mai 1984 og melder med dette at landbruksnemnda har gjeve samtykke til omdisponeringa, etter fullmakt frå Landbruksdepartementet, med heimel i § 8 i jordlova j.fr. kongeleg resulusjon av 12. desember 1980.

For landbruksnemnda i Meland


Sjur Aalvik
heradsagronom

LANDBRUKSKONTORET
Jordbruksetaten i Meland
Harald Nordbustad
Harald Nordbustad

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda i Meland		Fylkeslandbruksstyre		
Møte 24. mai 1984	Sak 12568400034 OMD	Møte	Sak	
Reg.nr. 189/84	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak	
Søknad om fradeling av parsell(er) da				
Søknad om omdisponering av veg- parsell(er) ca. 250 m² XX				
fra eiendommen Frekhaug				
G.nr. 23	B.nr. 1	Kommune Meland		
Eier(e) Nordhordland Folkehøgskule		Adresse 5110 Frekhaug		
Kjøper(e) Ingen		Adresse		
Areal- oppgave	Bruket	Arealklassi- fisering	Parsell(ene)	Arealklassi- fisering
	Fulldyrket	<u>30</u> da	<input checked="" type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B da <input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B
	Overflatedyrket/gjødslet beite	<u>18</u> da	 da
	Prod.skog/plantemark da	 da
	Annet areal da		<u>0,25</u> da
	Areal i alt	*) ? da		<u>0,25</u> da
Dyrkbart da	<input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B da	<input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B
Bruks- måte	Bruket er: <input type="checkbox"/> Familiebruk <input type="checkbox"/> Støttebruk <input type="checkbox"/> Ikke jordbruk <input checked="" type="checkbox"/> Bortleid			
	Bruket ligger i et område med: <input checked="" type="checkbox"/> Middels gode jordbruksvilkår <input type="checkbox"/> Dårlige jordbruksvilkår		<input type="checkbox"/> Gode jordbruksvilkår <input checked="" type="checkbox"/> Økende el. stabilt folketall <input type="checkbox"/> Nedgang i folketallet	
Formålet med frad./ omdisp.	<input type="checkbox"/> Skogplanting	<input type="checkbox"/> Boligformål	<input type="checkbox"/> Hytte/fritidshus	
	<input type="checkbox"/> Tilleggsjord	<input type="checkbox"/> Industri ol.	<input type="checkbox"/> Kirke, skole, helse, idrett ol.	
	<input type="checkbox"/> Tilleggsskog	<input checked="" type="checkbox"/> Veger/samferdsel	<input type="checkbox"/> Andre formål	
Saks- utredning	*) Uklåre grenser.			
	Søknaden gjeld ny vegframføring til bustad, gnr. 23, bnr. 80. Arealet er mykje kupert og grunnlendt utmark, som delvis er tilvaksse med krattskog. (Sjå kart i mål 1:1000)			
	<u>Tilråding:</u> Landbruksnemnda har ikkje noko å merka til til at denne vegen vert bygd og gjev løyve til omdisponering av arealet.			
	<u>Vedtak:</u> Tilrådinga vart samrøystes vedteken.			
Sign. (Lbn.) 		Sign. (Fl.st.)		
		Utskrift sendt til: Søkjar, bygn.råd, heradskogmeister.		

Frekhaug, 19 mai 1984.

Meland Landbruksnemnd
v/Heradsagronom Aalvik.,
5110 Frekhaug.

Dato 22/5-84 Arkiv 23/1
J.nr.: 189/84 Ekspedert
Landbrukskontoret, Jordbruksstaten i Meland

Søknad om omlegging av gardsveg på gnr.23, bnr.1 i Meland.

Etter mundtleg avtale med tidlegare eigar av bnr.26, har eigar av bnr.80 i lengre tid fått nytta dette bnr. sin vegrett og private veg over bnr.1 med utkøyrse til fylkesvegen.

Den noverande eigar av bnr.26 hevdar at dette berre var ei mellombels ordning, og krev at bnr.80 får seg anna vegordning snarast.

Eigar av bnr.80 har i dette høve sendt førespurnad til Nordhordland Folkehøgskule bnr.1 om å få laga veg frå sin parsell over grunnlendt utmark inn på ei anna avkøyrse til fylkesvegen.

Det vegstykke den noverande veg går langs bnr.26 si grense i aust - vestleg retning vert då tildelt bnr.1. Denne veg kan sperrast for gjennomkøyring, men kan nyttast av bnr.1 som vende-teig for den dyrka jorda.

Ein vonar at den omtala vegutløysing kan godkjennast for å få ei fredeleg ordning i denne saka.

Med helsing

for Nordhordland Folkehøgskule

H. Wiig Andersen
Harry Wiig-Andersen

Rektor.

Vedlegg: 1 stk.kartblad.

